

Kyrhovden velforening
v/leiar Karstein Mangersnes
Kyrhovden 30
5936 Manger

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690,
5936 Manger

Manger 14.mai 2018

Innspel i samband med revidert trafikksikringsplan.

Tiltak vedkomande trafikktryggleik i Kyrhovden bustadfelt.

Kyrhovden velforening har i mange år påpeika at trafikktryggleiken ikkje er slik den bør vera i bustadfeltet frå Toskavegen og fram til Manger Skule. Noko er gjort og forholda har betra litt og det er bra.

Sjølv om det er innkjøringa ved Grønålvegen som er hovudvegen til Manger Skule vil Kyrhovden alltid vera den naturlege tilkomstvegen for gåande eller syklande skuleborn som kjem frå Mangerøy(bustadfelta på Urhaugen, Langhøyane, Selfaldet m.m). Det meste av henting og bringing føregår ved innkjøringa frå Grønålvegen, men vil det er og mange som ikkje får dette til og nyttar Kyrhovden. Kyrhovden er også hovud parkeringa til lærarkolleget ved skulen. Det synter seg også i vinter at parkeringsplassen(utkjøringa) på nordsida av Toskavegen ved innkjøringa til Kyrhovden og vart nytt til levering av skuleborn. Har fått tilbakemelding frå bebuarar på Selfaldet om farlege situasjonar då borna skal kryssa Toskavegen. Trafikken på Toskavegen aukar jamt i samband med bustadutbygginga i Mangerøy. Det er også stort mekanisk verkstad under oppføring på Jotun tomta som vil føra til trafikkauge både av personbilar og tungtransport.

Det er eit ganske krevjande trafikkbilete og det er skuleborna som er den utsette gruppa.

Kyrhovden Velforening har i mange år søkt om fartsdump på bakketoppen etter innkjøringa i bustadfeltet.

Dette kan også no vera eit konkret og enkelt tiltak for å holda farten nede, men det beste vil nok kanskje vera om fagpersonell ser nærmare på saka for å finna den beste løysinga som tar omsyn til alle forhold . Dette er jo ein skuleveg som skal og bør vera så trygg som mogeleg for borna. Dette er også eit av hovudmåla i kommunen sin trafikksikringsplan. Tiltak må sjølv sagt gjerast samråd med Kyrhovden velforening og berørte bebuarar.

Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart

Venleg helsing

Karstein Mangersnes
Styreleiar